



Saksbehandlar: Knut Åland, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/8574-2

## Tilskot til fartøyvern 2016

**Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele midlar til fartøyverntiltak i tråd med retningslinjer, jf vedlegg**

Vedlegg:

Tilskot til sikring og istandsetting av verna fartøy  
Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Notat: Krav til sertifikat for mannskap på veteranfartøy (jf sak 16/8180-1)

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Riksantikvaren har det overordna ansvaret for finansiering av fartøyvernet. På landsbasis vert det totalt delt ut omlag 100 millionar kroner i ulike tilskot som kjem fartøyvernet til gode. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i dag ikkje noko form for tilskot til fartøyvern.

Under handsaming av sak 37/16, tertialrapport 2/2016, gjort Fylkestinget i møte 18. oktober 2016, slikt vedtak:

*Sektorbudsjett næring og kultur vert tilført kr. 300 000,- til posten Fartøyvern.  
Dekning frå bufferfondet.*

Nærings - og kulturavdelinga har i brev av 1. november 2016 søkt Riksantikvaren om eit tilsvarande tilskot til fartøyvern for 2016, på kr 300 000,-

Riksantikvaren har ikkje handsama denne søknaden. Under føresetnad av eit positivt svar, vert det samla tildeling kr 600 000.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fram til 2014 nytta seg av SAVOS-ordninga (tidlegare Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet) ved tildeling av tilskot til fartøyvern. Eit av tiltaka etter SAVOS-avtalen er 50% av samla tilskot til dei fylka som gjev av eigne midlar til fartøyvern. Det fylkeskommunale tilskotet til fartøyvern vil utløye eit tilsvarande tilskot frå Riksantikvaren sine midlar. Tilskotet er knytt til post 1429 – 74 i statsbudsjettet og kan berre delast ut til fartøy som har status som verna- eller freda skip. Desse midlane er øyremerka til sikring og istandsetting av verna fartøy (restaurering) og kan i utgangspunktet ikkje nyttast til aktivitetsfremjande tiltak eller ordinært vedlikehald.

Riksantikvaren, saman med Hordaland fylkeskommune, har under utprøving ei ny ordning med tilskot til Forvaltning og drift av verna fartøy. Nærings- og kulturavdelinga har i søknad til Riksantikvaren bedt om å få høve til å få tildelt midlar på same vilkår som Hordaland fylkeskommune og etter tilsvarende retningslinjer. Etter denne ordninga kan det mellom anna ytast tilskot til kompetanseheving og kursavgift for frivillige (jf sak 16/8180-1). Denne søknaden har vi framleis ikkje fått svar på.

## **2. Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår at fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele midlar til fartøyverntiltak i tråd med retningslinjene, jf vedlegg

Tilskot til fartøyvern må tildelast i løpet av 2016. På grunn av den korte tidsfristen, og ut i frå at vi ikkje har fått svar på søknaden til Riksantikvaren, må tildeling av tilskot til fartøyvern vente. Etter at utfallet av søknaden er kjent og vi veit kva vilkår vi får for tildelinga, kan tilskotet tildelast.